

Resultatregneskap

Alle tall i 1000 NOK

Sjukehusapoteka Vest HF

	Note	2017	2016
DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
Anna driftsinntekt	2,3	1 172 606	1 064 293
Sum driftsinntekter		1 172 606	1 064 293
DRIFTSKOSTNADER			
Kjøp av helsetenester	4	589	469
Varekostnad	5	954 119	849 775
Lønn og andre personalkostnader	6,16	141 025	138 217
Ordinære avskrivningar	10	4 470	3 908
Andre driftskostnader	7	59 535	56 578
Sum driftskostnader	2	1 159 738	1 048 947
Resultat frå drifta		12 869	15 346
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Finansinntekter	8	1 027	1 215
Andre finanskostnader	8	124	86
Netto finansresultat	8	903	1 129
Resultat før skattekostnad		13 772	16 475
Skattekostnad på ordinært resultat	9	-567	-457
RESULTAT FOR ÅRET		14 339	16 931
OVERFØRINGAR:			
Overført annan eigenkapital	15	14 339	16 931
Sum overføringar		14 339	16 931

Balanse

Alle tall i 1000 NOK

Sjukehusapoteka Vest HF

	Note	2017	2016
EIGEDLAR			
Anleggsmidler			
Immaterielle driftsmiddel			
Utsett skattefordel	9	562	0
Sum immaterielle egedelar		562	0
Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	10	2 193	2 586
Medisinskteknisk utstyr, inventar, transportmiddel o.l	10	27 806	23 471
Anlegg under utføring	10	510	379
Sum varige driftsmidler		30 509	26 436
Finansielle anleggsmidler			
Investering i andre aksjar og partar	11	348	288
Andre finansielle anleggsmidler		7	7
Pensjonsmidlar	16	27 110	18 536
Sum finansielle anleggsmidler		27 465	18 831
Sum anleggsmidler		58 536	45 266
Omløpsmidlar			
Varer	12	51 319	47 508
Krav	13,21	306 356	204 200
Bankinnskot, kontantar og liknande	14	4 896	4 812
Sum omløpsmidlar		362 570	256 520
SUM EIGEDLAR		421 106	301 786

Balanse

Alle tall i 1000 NOK

Sjukehusapoteka Vest HF

	Note	2017	2016
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Føretakskapital	15	100	100
Annan innskoten eigenkapital	15	10 943	10 943
Sum innskoten eigenkapital		11 043	11 043
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	15	167 048	152 710
Sum opptent eigenkapital		167 048	152 710
Sum eigenkapital		178 091	163 753
Gjeld			
Avsettingar for forpliktingar			
Pensjonsforpliktingar	16	2 585	1 674
Utsett skatt	9	0	4
Sum avsettingar for forpliktingar		2 585	1 678
Anna langsiktig gjeld			
Langsiktig gjeld til føretak i samme konsern	17,21	3 163	3 514
Sum anna langsiktig gjeld		3 163	3 514
Sum langsiktige forpliktingar og anna langsiktig gjeld		5 748	5 192
Kortsiktig gjeld			
Skuldige offentlege avgifter		8 838	13 109
Anna kortsiktig gjeld	18,21	228 429	119 733
Sum kortsiktig gjeld		237 267	132 842
Sum gjeld		243 015	138 034
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		421 106	301 786

Bergen, 31.12.2017 / 22.03.2018
Styret for Sjukehusapoteka Vest HF

Trude Marit Risnes
Styreleiar

Jon Bolstad
Administrerande direktør

Olav Klausen
Nestleiar

Børge Tvedt
Styremedlem

Inger Cathrine Bryne
Styremedlem

Anne Sissel Faugstad
Styremedlem

Per Karlsen
Styremedlem

Gunvald Andreas Iversen
Styremedlem

Marianne Saugestad
Styremedlem

Marit Jacobsen
Styremedlem

Kontantstrømoppstilling

Sjukehusapoteka Vest HF

Alle tall i 1000 NOK

	2017	2016
Kontantstrømmer fra operasjonelle aktiviteter:		
Årsresultat	14 339	16 931
Skatteutbetalinger	-562	0
Ordinære avskrivningar	4 470	3 908
Endring i omløpsmidlar	-105 966	-29 265
Endring i kortsiktig gjeld	104 421	18 606
Forskjell kostnadsført pensjon og inn-/utbetalningar i pensjonsordningar	-7 662	-1 280
Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter	9 039	8 900
Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter:		
Utbetaling ved kjøp av varige driftsmidlar	-8 543	-8 349
Utbetalinger ved kjøp av andre finansielle eiendeler	-60	-55
Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter	-8 604	-8 403
Kontantstrømmer fra finansieringsaktiviteter:		
Utbetaling ved nedbetaling av langs.gjeld	-351	-351
Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter	-351	-351
Netto endring i likviditet	84	145
Likvide midlar 01.01	4 812	4 667
Likvide midlar 31.12	4 896	4 812
Likviditetsreserve 31.12	4 896	4 812
Differanse	0	0

Note 1

Rekneskapsprinsipp

Generelt om rekneskapen

Rekneskapen for 2017 er sett opp i samsvar med Rekneskapslova av 1998 og god rekneskapskikk. Rekneskapen for året består av resultatrekneskap, balanse, kontanttraumoppstilling og noteopplysingar. Rekneskapen er bygd på grunnleggjande prinsipp for rekneskap i samsvar med god norsk rekneskapskikk; transaksjonsprinsippet, oppteningsprinsippet, samanstillingsprinsippet, varsemdprinsippet, kongruensprinsippet, sikring, beste estimat, konsistent bruk av prinsipp og føresetnad om vidare drift. Ved utarbeidinga av rekneskapen må leiinga byggje på føresetnader og estimat som vil påverke rekneskapsførte verdiar av eigedelar, gjeld, inntekter og kostnader, samt noteopplysingar vedkommande forpliktingar med vilkår. Faktiske tal kan avvike frå dei opphavlege estimata.

Sjukehusapoteka Vest HF blei stifta 01.01.02 etter lov om helseføretak. På same tida blei anleggsmiddel og forpliktingar netto kr 10 943 027 overført til Sjukehusapoteka Vest HF som eit tingsinnskot.

Som følgje av at helseføretaka er non-profit-verksemder der eigar har stilt krav om resultatmessig balanse i drifta, men ikkje krav til avkastning på innskoten kapital, representerer bruksverdi verkelig verdi for anleggsmidla. For Publikum gjeld krav til inntjening, med ein tilfredsstillande avkastning på linje med alternativ bruk av kapital og avkasting elles i apotekbransjen.

I opningsbalansen er bruksverdi sett til attkjøpsverdi redusert for slit og elde og justert for teknisk standard. Der det på overtakingstidspunktet var kjent at bygga ikkje ville bli tatt i bruk eller bare tatt i bruk for ei kortare periode, er verdien på opningsbalansen redusert. For bygg og tomter er denne verdien basert på takstar utarbeidd av uavhengige miljø hausten 2001.

Konsolidering

Helseføretaket går inn i konsernrekneskapen til Helse Vest RHF og utarbeider ikkje eige konsernrekneskap.

Klassifisering og vurdering av balanseposter

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar poster som forfell til betaling innan eit år etter innkjøpstidspunktet, samt poster som knyter seg til varekrinsløpet. Andre poster er klassifiserte som anleggsmidlar/langsiktig gjeld. Omløpsmidlar er vurderte til lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Anleggsmiddel blir vurderte til kostpris, men blir nedskrivne til verkeleg bruksverdi ved verdifall som ikkje må ventast å vere forbigåande. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Pengepostar i utanlandsk valuta er rekna om til norske kroner per 31.12 i rekneskapsåret.

Prinsipp for inntektsføring

Øyremerka tilskot

Øyremerka tilskot blir inntektsførte i den perioden kostnadene med aktiviteten blir rekneskapsførte. Gjeld tilskotet investeringar blir inntektene førte i same perioden som avskrivningane på dei aktuelle investeringane.

Andre inntekter

Sal av varer blir inntektsført ved levering. Tenester blir inntektsførte i den perioden dei blir utførte.

Immaterielle eigedelar

Immaterielle eigedelar som ein ventar vil gi framtidige inntekter/bruksverdi for føretaket, er aktiverte.

Utgifter knytte til forskning og utvikling blir kostnadsførte jamt. I særskilde høve vil eigen forskning og utvikling kunne medføre at det blir framkalla ein eigen godtgjort og vesentleg kontantstraum. Om slike kontantstraumar kan forventast, blir slik forskning og utvikling aktivert.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel blir oppførte i balansen til historisk innkjøpskost trekte frå akkumulerte lineære avskrivningar. Eit driftsmiddel blir sett som varig om det har ei økonomisk levetid på over tre år, og ein kostpris på over kr 100 000.

Påkostingar eller betringar blir lagde til driftsmiddelets kostpris og avskrivne i takt med driftsmidlet, mens utgifter til vedlikehald og reparasjonar blir kostnadsførte etter kvart som de kjem på. Renter som relaterer seg til anlegg under oppføring blir aktiverte som ein del av kostprisen.

Ved sal og utrangering av anleggsmiddel blir vinning ført under andre driftsinntekter og tap under andre driftskostnader

Avskrivningar

Ordinære avskrivningar er utrekna lineært over den økonomiske levetida til driftsmiddelet med utgangspunkt i historisk kostpris. Tilsvarande prinsipp blir lagt til grunn for immaterielle eigedelar. Avskrivningane er klassifiserte som driftskostnader.

Nedskrivning

Nedskrivningar av varige driftsmiddel og immaterielle egedelar blir vurderte når det ligg føre indikasjonar på verdifall for egedelane. Dersom attkjøpsverdien er lågare enn balanseført verdi, blir balanseført verdi skriven ned til attkjøpsverdien. Verdien er det høgaste av netto salsverdi og bruksverdi (kostnad til tilsvarande nykjøp etter slit og elde og faktisk bruk). Nedskrivninga blir reversert i den grad grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er til stades.

Eigenkapitaltilskot

Eigenkapitaltilskot KLP er separate finansielle egedelar og blir vurdert til kostpris, men blir nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje må ventast å vere forbigåande.

Varelager og varekostnad

Lager av innkjøpte varer er verdsett til lågaste av innkjøpskost etter FIFO- prinsippet og verkeleg verdi. Om det av systemårsaker har vore umogeleg å nytte FIFO-prinsippet, er gjennomsnittsprisen lagd til grunn. Nedskrivning for pårekleleg ukurans er gjord i samsvar med god rekneskapskikk.

Krav

Kundekrav og andre krav er førte i balansen til pålydande etter frådrag for avsetting til venta tap. Avsetting til tap kjem fram etter ei konkret vurdering av enkeltkrav og av dei samla krava.

Pensjoner

Pensjonsordninga er behandla i rekneskapen etter Norsk rekneskapsstandard for pensjonskostnader. Føretaksgruppa følgjer oppdatert rettleiing frå Norsk Regnskapsstiftelse justert for føretaksspesifikke forhold. Parameteren som er nytta går fram av note om pensjonar.

Pensjonskostnader og pensjonsforpliktingar blir utrekna etter lineær opptening basert på føresetnadar om diskonteringsrente, framtidig regulering av lønn, pensjonar og ytingar frå folketrygda, framtidig avkastning på pensjonsmidlar og føresetnader frå aktuaren om dødelegheit, frivillig avgang, osb. Pensjonsmidlar er vurderte til verkeleg verdi og trekte frå i netto pensjonsforpliktingar i balansen.

Endringar i forpliktinga som kjem av endringar i pensjonsplanar, blir resultatført på endringstidspunktet. Endringar i pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar som kjem av endringar og avvik frå føresetnadene for utrekningane (estimatendringar) er fordelte over estimert gjennomsnittleg attverande oppteningstid om avvika ved starten på året er over 10 prosent av det største av brutto pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar. Pensjonsordningar som viser netto forplikting, er førte opp i rekneskapen som gjeld, mens pensjonsordningar som viser netto midlar, er førte opp i balansen som egedel. Arbeidsgivaravgift er lagt til for begge ordningane.

Netto pensjonskostnad (brutto pensjonskostnad trekt frå estimert avkastning på pensjonsmidlar) blir klassifisert som ordinær driftskostnad, og er presentert saman med lønn og andre ytingar.

Arbeidstakardelen av pensjonspremien er trekt frå i lønnskostnadene.

Pensjonsordninga tilfredsstillir krava i Lov om obligatorisk tenestepensjon.

Uvisse forpliktingar

Om det er meir sannsynleg enn ikkje at ei forplikting vil kome til oppgjer, og verdien kan bereknast påliteleg, blir det avsett for den uvisse forpliktinga etter beste estimat.

Segment

Inndelinga i segment bygger på interne styrings- og rapporteringsføremål i føretaket. Det blir presentert tal for verksemdsområda. Tala er avstemt mot årsresultat- og balanse i føretaket. Ein har i tillegg delt inntektene etter geografi med utgangspunkt i bustaden til pasientane.

Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden. Dette inneber at ein i analysen tar utgangspunkt i årsresultatet for føretaket for å kunne presentere kontantstraumar tilførte frå høvesvis ordinær drift, investeringsverksemd og finansieringsverksemd.

Konsernkontoordning

Det er etablert konsernkontoordning. Innskot og gjeld innanfor denne ordninga er i rekneskapen for føretaket klassifisert som kortsiktig krav/gjeld til Helse Vest RHF.

Valuta

Pengepostar i utanlandsk valuta er vurderte etter kursen ved utgangen av rekneskapsperioden.

Endringar i rekneskapsprinsipp og feil

Verknad av endringar i rekneskapsprinsipp og korrigeringar av vesentlege feil i tidligare års rekneskap blir førte direkte mot eigenkapitalen og samanlikningstal er endra.

Samanlikningstal for førre året

Der ny klassifisering er meir korrekt, er samanlikningstal endra tilsvarende.

Nøytral meirverdiavgift – ny finansieringsordning for helseføretaka

Med verknad frå 1. januar 2017 blei det innført en ordning med nøytral meirverdiavgift for helseføretaka. Endra finansiering av føretaka inneber ein generell reduksjon både av inntekter og kostnader i rekneskapen for 2017 samanlikna med 2016. Endringa har ikkje ført til nokon prinsippending i den avlagte rekneskapen og det er derfor ikkje utarbeida rekneskapstal som viser inntekter og kostnader som om ordninga hadde vore innført i 2016. Effekten på overordna nivå er likevel synliggjort i eiga note, jf. note 22. Nærare omtale av ordninga går også fram av same note.

Skatt

Sjukehusapoteka Vest HF er skattepliktige for overskot vedkommande publikumsekspedisjonen frå og med 2015.

Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både skatt som skal betalast og utsett skatt i perioden. Utsett skatt er rekna ut på grunnlag av dei mellombelse forskjellane som eksisterer mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, samt eventuelt likningsmessig underskot til framføring ved utgongen av rekneskapsåret. Midlertidige forskjellar som aukar eller reduserer skatt i same periode, er utlikna. Oppføring av utsett skattefordel på netto skattereduserande forskjellar som ikkje er utlikna og underskot til framføring er grunna i forventa inntening i framtida.

Utsett skatt i både føretaket sin rekneskap og føretaksgruppa sin rekneskap er i rekneskapen ført med nominelt beløp.

Note 2 Rapportering frå verksemda

Heile 1000 kroner

Inntekt for kvart verksemdsområde

Heile 1000 kroner

	2017	2016
Somatikk		0
Psykisk helsevern VOP		0
Psykisk helsevern BUP		0
Tverrfagleg spesialisert behandling for rusmisbruk		0
Anna	1 172 606	1 064 293
Overføringar til dotterføretak		0
Sum	1 172 606	1 064 293

Verksemdsområde kalla «Anna» omfattar i hovudsak kostnader og inntekter knytt til kostnader og inntekter som ikkje er del av spesialisthelsetenesta.

Kostnad for kvart verksemdsområde

Heile 1000 kroner

	2017	2016
Somatikk		0
Psykisk helsevern VOP		0
Psykisk helsevern BUP		0
Tverrfagleg spesialisert behandling for rusmisbruk		0
Anna	1 159 738	1 048 947
Kjøp av helsetenester frå dotterføretak		0
Sum	1 159 738	1 048 947

Driftsinntekt fordelt på geografi*Heile 1000 kroner*

	2017	2016
Helse Vest sitt opptaksområde	1 172 606	1 064 293
Resten av landet		0
Utlandet		0
	1 172 606	1 064 293

Note 3 Driftsinntekter*Heile 1000 kroner*

	2017	2016
Basisramme	0	5 300
Aktivitetsbasert inntekt:		
Anna driftsinntekt		
Øyremerka tilskot til andre føremål	2 983	1 265
Driftsinntekter apoteka	1 169 623	1 057 728
Sum	1 172 606	1 064 293

Note 4 Kjøp av helsetenester*Heile 1000 kroner*

	2017	2016
Andre kjøp av helsetenester (inkl. avtalespesialistar)	589	469
Sum kjøp av andre helsetenester	589	469
Sum kjøp av helsetenester	589	469

Note 5 Varekostnader*Heile 1000 kroner*

	2017	2016
Medisinske forbruksvarer	5 370	2 930
Andre varekostnader til eige bruk	1 445	-8
Innkjøpte varer for videresal	947 255	846 735
Endring varer i arbeid og ferdigtilverka varer	50	118
Sum varekostnader	954 119	849 775

Note 6 Lønn og andre godtgjersler*Heile 1000 kroner*

	2017	2016
Lønnskostnader	104 892	100 485
Arbeidsgivaravgift	14 924	14 195
Pensjonskostnader inkl. arbeidsgivaravgift	18 331	21 305
Andre ytingar	2 878	2 231
Sum lønn og personalkostnader	141 025	138 217

Gjennomsnittleg tal på tilsette	252	243
Gjennomsnittleg tal på årsverk	221	213

Heile 1000 kroner

Godtgjersle til medlem av styret						Ytingar frå andre føretak i Helse Vest		
Namn	Tittel	Styre-honorar	Lønn	Anna godt-gjersle	Sum	Teneste-periode	Honorar/lønn	Anna godt-gjersle
Trude Marit Risnes	Leiar	170	0	0	170	1.1-31.12.	0	0
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar	0	0	0	0	1.1-31.12	1 687	6
Gunvald Andreas Iversen	Styre-medlem	90	491	0	581	1.1-31.12	0	0
Marianne Saugestad	Styremedlem	90	663	5	758	1.1-31.12	0	0
Bente Mari Madsen Rolfsnes	Styremedlem	15	264	0	279	1.1-28.02	0	0
Marit Jacobsen	Styremedlem	75	540	2	617	1.3-31.12	0	0
Per Karlsen	Styremedlem	0	0	0	0	1.1-31.12	1 458	17
Inger Cathrine Bryne	Styremedlem	0	0	0	0	1.1-31.12	1 777	6
Anne Sissel Faugstad	Styremedlem	0	0	0	0	1.1-31.12	1 440	5
Jon Bolstad	Styremedlem	0	560	16	576	1.1-12.06	1 150	5
Børge Tvedt	Styremedlem	0	0	0	0	12.06-31.12	1 190	5
Sum		440	2 517	24	2 981	-	6 361	30

Det er ikkje gjeve lån eller garantiar til dagleg leiar og styreleiar i Sjukehusapoteka Vest HF

Det er ikkje gjeve lån eller garantiar for andre leiande tilsette eller styremedlem i Sjukehusapoteka Vest HF

Det er ikkje inngått avtale om sluttvederlag eller liknande for dagleg leiar.

Heile 1000 kroner

Lønn og anna godtgjersle til leiande personell							Lønn frå andre føretak i Helse Vest jf lønns- og trekkoppgåve for 2017	
Namn	Tittel	Lønn	Pensjon	Anna godtgjersle	Sum	Tenesteperiode 1)	Lønn	Pensjon og anna godtgjersle
Jon Bolstad	Adm, direktør	560	386	16		21.8-31.12	1 150	5
Ola Rye	Kst.Adm. direktør - 2)	0		0		1.1-20.8		
Ola Rye	Økonomidirektør	1 155	291	6		21.08-31.12		
Christer Bakke Frantzen	Fagdirektør	967	134	4		1.1-31.12 Permisjon 04.09-23-11		
Nina Carstens	Konst. Fagdirektør - 3)	866	103	6		04.09.17-23.11.17		
Berit Beate Berntsen	Pers. og org. direktør	1 027	289	5		1.1-31.12		
Tonje Folkvang	Apotekar Stavanger	959	141	5		1.1-31.12		
Lene Svanberg Jakobsen	Apotekar Haugesund	910	135	6		1.1-31.12.		
Roy Vermund Rangjord	Apotekar Bergen	892	153	5		1.1.-31.12		
Andrea Bornhorst	Apotekar Førde	718	153	5		1.1-18.3 Permisjon 18.3-31.12		
Charlotte Grane	Konst. apotekar Førde - 4)	591	111	5		18.3-14.5		
Gunvor Steine Tufte	Konst. Apotekar Førde - 4)	450	111	5		15.5-31.12		

1) Tenestetid/-periode er perioden i rekneskapsåret vedkommande har vore deltakar i føretaket si leiargruppe.

2) I perioden 1.1-20.8.17 har Ola Rye vore konstituert administrerande direktør.

3) I perioden 4.9.-23.11 har Nina Carstens vore konstituert fagdirektør

4) I perioden 1.3.-14.5.17 har Charlotte Grane vore konstituert apotekar ved Sjukehusapoteket i Førde

5) I perioden 15.5.-31.12.17 har Gunvor Steine Tufte vore konstituert apotekar ved Sjukehusapoteket i Førde

6) I perioden 1.1.-20.8.17 har Tor Erik Tveit vore leigd inn som økonomidirektør

Erklæring om fastsetjing av lønn og godtgjersle

Sjukehusapoteka Vest HF definerer personer i stillingane administrerande direktør, fagdirektør, økonomidirektør, HR og organisasjonsdirektør og apotekar som leiande personell.

Sjukehusapoteka Vest HF følgjer retningsliner for tilsetjingsvilkår for leiarar i statlege føretak og selskap (fastsett av Regjeringa Stoltenberg II 31.3.2011) kor hovudprinsippet er at

- Leiarlønn i føretaka skal være konkurransedyktig, men ikkje lønnsleiande samanlikna med tilsvarande selskap/føretak. Føretaket skal bidra til moderasjon i leiarlønningane.

Utgreiing leiarlønnspolitikken i 2017

Lønn og godtgjersle til administrerande direktør er behandla og fastsett av styret i styresak 22 mai 2017. Lønn og godtgjersle for anna leiande tilsette er fastsett administrativt. Sjukehusapoteka Vest HF har lagt til grunn retningslinjer fastsett i føretaksmøte.

Lønn til medlem i leiargruppa blei i 2017 justert slik:

Heile 1000 kroner

Namn	Tittel	Gammal lønn	Ny lønn	Auke i prosent
Jon Bolstad	Adm. direktør	-	1 542	-
Ola Rye	Kst. Adm. direktør	1170	-	-
Ola Rye*	Økonomidirektør	1025	1090	6,34 %
Berit Beate Berntsen	HR og organisasjonssjef	998	1 025	2,71 %
Christer Bakke Frantzen	Fagdirektør	940	965	2,66 %
Nina Carstens	Kst. Fagdirektør	860	-	-
Tonje Folkvang	Apotekar Stavanger	935	956	2,25 %
Lene Svanberg Jakobsen	Apotekar Haugesund	885	909	2,71 %
Roy Vermund Rangjord	Apotekar Bergen	910	937	2,97 %
Andrea Bornhorst (Permisjon)	Apotekar Førde	825	845	2,42 %
Charlotte Grane	Kst. Apotekar Førde	740	-	-
Gunvor Steine Tufte	Kst. Apotekar Førde	-	800	-

*Gammal lønn er frå perioden før Ola Rye blei konstituert Adm.dir.

I tillegg til lønn har medlemmane i leiargruppa fri bruk av mobiltelefon og mogeligheit for dekning av internett og avis.

Lønnsjusteringane er gjennomført etter andre lønnsjusteringar i helseregionen, men er gjort gjeldande for heile 2017 for administrerande direktør og frå 1.4.2017 for andre i leiargruppa. Gammal lønn er ikkje gjeve opp for leiarar som er nye i stillinga i 2017. Det er heller ikkje gjeve opp ny lønn for dei som er gått ut av leiargruppa i 2017.

Retningslinjer for 2018

Til grunn for Sjukehusapoteka Vest HF sine retningslinjer, ligg mellom anna generelle retningslinjer for leiarar i statlege føretak (fastsett av regjeringa Stoltenberg II 31.3.2011) kor hovudprinsippet er at leiarlønningane i føretaket skal vere konkurransedyktige, men ikkje lønnsleiande samanlikna med tilsvarande selskap/føretak. Føretaket skal bidra til moderasjon i leiarlønningane.

Fastsetting av basislønn

Ved fastsetting av basislønn skal følgjande kriterier leggjast til grunn:

- Lønnsutviklinga i føretaksgruppa Helse Vest generelt
- Lønnsutviklinga i samanliknande stillingar
- Resultatvurderingar i høve til dei mål og krav styret har sett.

Dette inneber at årlege justeringar av leiarlønningane ikkje skal skje før dei årlege tariffoppgjera i spesialisthelsetenesta er avslutta.

Naturalytingar

Ytingane blir vurdert i høve til kva trong leiar har for å fungera i stillinga, likevel avgrensa til:

- Mobiltelefonordning i tråd med kva som er fastsett i føretaket
- Alminnelege forsikringsordningar i høve til lov og avtalar
- Eventuelt avisabonnement

Pensjonsordning

Leiande tilsette skal vere omfatta av offentleg tenestepensjon på lik linje med andre tilsette sine vilkår. Det vil seie gjennom ordinær ordning i KLP eller i pensjonsordningen for apotek (POA). Det er ikkje høve til å inngå avtale om pensjon utover ordinære vilkår gjennom KLP eller i pensjonsordningen for apotek (POA).

Sluttvederlag

Det er inngått avtale med administrerande direktør om inntil 12 månaders etterlønn dersom han/ho blir sagt opp eller sjølv seier opp etter oppmoding frå styret eller leiar for styret.

Avtala gjeld ikkje om det ligg føre grovt pliktbrøt eller vesentleg mislighald av arbeidsavtala.

Rett til etterlønn fell bort om han/ho tiltrer anna stilling i eller utanføre helseføretaket eller mottar inntekt frå eigen næringsverksemd.

Variable godtgjeringar eller særskilte ytingar som kjem i tillegg til basislønn

Det blir ikkje gjeve variable tillegg til leiande tilsette i Sjukehusapoteka Vest HF.

Andre høve

Personar i leinga skal ikkje ha særskilt godtgjersle for styreverv i andre føretak i same føretaksgruppe.

Godtgjersle til revisor

Heile 1000 kroner

	2017	2016
Revisjon etter lova	80	150
Andre oppgåver som vedkjem attestasjonar	25	66
Sum honorar til revisor	105	216

Honorar til revisor i høve til inngått avtale: 80 100

Honorar i 2017 er oppgitt eksklusiv meirverdiavgift som følgje av innføring av nøytral meirverdiavgift for helseføretaka frå 1.1.2017. Honorar i 2016 er oppgitt inklusiv meirverdiavgift.

Note 7 Andre driftskostnader

Heile 1000 kroner

	2017	2016
Kostnader lokale inkl. energi og brensel	16 737	16 604
Kjøp og leige av medisinskteknisk utstyr, mv	2 422	2 460
Reparasjon, vedlikehald og service	1 647	1 853
Konsulenttenester	2 632	705
Anna ekstern teneste	27 730	27 425
Kontor- og kommunikasjonskostnader	1 582	1 885
Kostnader i samband med transportmiddel	0	0
Reisekostnader	2 676	2 759
Forsikringskostnader	41	39
Andre driftskostnader	4 068	2 848
Sum andre driftskostnader	59 535	56 578

Note 8 Finansposter

	2017	2016
Andre renteinntekter	1 018	1 204
Andre finansinntekter	10	11
Sum finansinntekter	1 027	1 215
Interne rentekostnader i føretaksgruppa	70	77
Andre rentekostnader	3	1
Andre finanskostnader	51	9
Sum finanskostnader	124	86

Note 9 Skatt

Publikumsekspedisjonen er skattepliktig frå 01.01.2015. Utrekna utsett skatt per 01.01.2015 vart balanseført mot eigenkapital i 2015.

Endring i midlertidige forskjellar er endring gjennom året. Skatteutrekninga tar utgangspunkt i resultat for publikumsekspedisjonen.

	31.12.2017	31.12.2016
Mellombelse forskjellar		
Anleggsmidlar	4 033	4 097
Omløpsmidlar	-60	-60
Netto pensjonsmidlar	4 102	2 697
Netto mellombelse forskjellar	8 075	6 734
Underskot til framføring	-10 519	-6 716
Grunnlag for utsatt skatt/skattefordel i balansen	-2 445	18
23%/24% utsett skatt (utsett skattefordel)	-562	4
Utsett skatt (utsett skattefordel)	-562	4

	2017	2016
Grunnlag for betalbar skatt		
Resultat før skattekostnad for publikumsekspedisjonen	-2 461	-1 827
Endring i mellombelse forskjellar	-567	-1 262
Grunnlag for betalbar skatt	-3 030	-3 089
Endring i utsett skatt (24%/25%)	-727	-457
Korrigerering av skattekostnad på grunn av endra skattesats	136	0
Sum skattekostnad på ordniært resultat	-591	-457

Spesifikasjon av skattekostnad		
24% (25%) skatt av resultat før skatt	-591	-457
Korrigerering av skattekostnad pga redusert skattesats i framtida	24	0
Utrekna skattekostnad	-567	-457

Note 10 Immaterielle egedelar og varige driftsmidler

Immaterielle egedelar

Heile 1000 kroner

		Lisensar og programvare	Prosjekt under utvikling	Sum
Kostpris 01.01		1 954	0	1 954
Tilgang		0	0	0
Tilgang verksemdsoverdraging		0	0	0
Avgang		0	0	0
Frå prosjekt under utvikling		0	0	0
Kostpris 31.12	0	1 954	0	1 954
Akkumulerte avskrivningar		1 954	0	1 954
Akkumulerte nedskrivningar		0	0	0
Balanseført verdi 31.12	0	0	0	0
Ordinære avskrivningar i året		0	0	0
Ordinære nedskrivningar		0	0	0
Balanseførte lånekostnader i året		0	0	0

Varige driftsmidler:

Heile 1000 kroner

	Tomter og bustader	Bygningar	Anlegg under utføring	Medisinsk-teknisk utstyr	Transport-middel, inv. og utstyr	Sum
Kostpris 01.01	0	8 819	379	8 861	48 733	66 792
Tilgang i året	0	0	131	1 246	7 166	8 543
Tilgang verksemdoverføring	0	0	0	0	0	0
Avgang i året	0	0	0	0	0	0
Frå anlegg til utføring	0	0	0	0	0	0
Kostpris 31.12	0	8 819	510	10 107	55 899	75 335
Akk. avskrivningar 31.12	0	6 626	0	5 811	32 389	44 826
Akk. nedskrivningar 31.12	0	0	0	0	0	0
Balanseført verdi 31.12	0	2 193	510	4 295	23 510	30 509
Ordinære avskrivningar i året	0	393	0	756	3 321	4 470
Nedskrivningar i året	0	0	0	0	0	0
Balanseførte lånekostnader	0	0	0	0	0	0
Levetider	0	15-25 år	0	7-12 år	3-15 år	0
Avskrivningsplan	0	Lineær	0	Lineær	Linear	0

Leigeavtaler:

Heile 1000 kroner

	Tomter og bustader	Bygningar	Anlegg under utføring	Medisinsk-teknisk utstyr	Transport-middel, inv. og utstyr	Sum
Leigebeløp		11 968		130	484	12 582
Rest leigetid		1-10 år		1-3 år	1-3 år	

Note 11 Investeringar i aksjar og parter

Heile 1000 kroner

	2017	2016
Eigenkapitalinnskot i KLP	348	288
Sum investeringar i andre aksjar og partar	348	288

KLP, som er eit gjensidig selskap, har dekkja behovet for eigenkapital gjennom innskot frå kundane. I tillegg til dette kapitalinnskotet er det bygd opp eit eigenkapitalfond i selskapet for kvar kunde. Dette fondet består av opptent eigenkapital. Det samla eigenkapitalinnskotet i KLP kan endrast noko frå år til anna sjølv om det korkje er tapt eigenkapital eller innbetalt nye innskot. Om ein kunde flyttar pensjonsordninga si frå KLP til ein annan pensjonsinnretning vil kunden sin del av eigenkapitalinnskotet bli betalt attende. Dette er den einaste situasjonen der kunden faktisk kan disponera eigenkapitalinnskotet sitt.

Note 12 Varelager

Heile 1000 kroner

	2017	2016
Varer for videresal:		
Råvarer	784	705
Ferdigvarer	1 386	1 178
Handelsvarer	49 149	45 625
Sum varer for videresal	51 319	47 508
Sum varelager	51 319	47 508
Kostpris lager	51 635	48 029
Av dette nedskrive for verdifall	316	521
Bokført verdi 31.12	51 319	47 508

- . -

Note 13 Kundekrav og andre krav*Heile 1000 kroner*

	2017	2016
Kundekrav	25 682	20 433
Konsernkonto	170 036	74 368
Krav på føretak i føretaksgruppa	105 578	103 996
Oppsamla inntekter	58	365
Andre kortsiktige krav	5 001	5 039
Sum krav	306 356	204 200

Endring i avsetting tap på kundekrav:

Avsetting for tap på kundekrav per 1.1	60	60
Avsetting for tap på krav 31.12	60	60

Konstaterte tap på krav i året **16** **26****Kundekrav har følgende fordeling på forfall:**

Krav som ikkje er forfalne til betaling	21 466	20 056
Krav forfalne med 1 - 30 dagar	4 042	288
Krav forfalne med 31 - 60 dagar	23	14
Krav forfalne med 61 - 90 dagar	151	75
Kundekrav pålydande per 31.12.	25 682	20 433

Note 14 Kontantar og bankinnskot

	2017	2016
Skattetrekksmidler	4 782	4 676
Sum bundne kontantar og bankinnskot	4 782	4 676
Bankinnskot og kontantar som ikkje er bundne	114	136
Sum kontantantar og bankinnskot	4 896	4 812

Helse Vest har konsernkontoordning. Helse Vest RHF har driftskreditt i Noregs Bank.

Note 15 Eigenkapital

	Føretakskapital	Annan innskoten eigenkapital	Fond for vurderingsforskje llar	Annan eigenkapital	Total eigenkapital
Eigenkapital 31.12. i fjor	100	10 943		152 710	163 753
Korr. av feil i tidl. års rekneskap					
Eigenkapital 01.01. i år	100	10 943	0	152 710	163 753
Eigenkapital- transaksjonar					
Resultat dette året				14 339	14 339
Eigenkapital 31.12. i år	100	10 943	0	167 048	178 091

Eigenkapitalen beløp seg til kr 100 000. Parten er eigd av Helse Vest RHF

Eigenkapitalstransaksjonar:

	2016	2015
Midlertidige forskjellar 01.01.15 skatteplikt		0
Sum	0	0

Styringsmål frå eigar

Heile 1000 kroner

Styringsmål frå eigar	2017	2016	2002-2017
Årsresultat	14 339	16 931	169 354
Overført frå strukturfond	0	0	0
Korrigert for endra levetider	0	0	0
Korrigert resultat	14 339	16 931	169 354
Pensjonskostnader det er teke omsyn til i resultatkravet*	0	0	-10 574
Resultat jf. økonomiske krav	14 339	16 931	158 780
Resultatkrav	17 000	14 000	140 526
Åvvik frå resultatkrav	-2 661	2 931	18 254

Note 16 Pensjonsforplikting

	2017	2016
Oppsamla pensjonsforplikting	375 210	327 799
Pensjonsmidlar	312 520	270 578
Netto pensjonsforplikting	-62 691	-57 221
Arbeidsgiveravgift på netto pensjonsforplikting	-8 839	-8 068
Ikkje resultatført tap/vinst av estimat- og planavvik inkl. aga	96 054	82 151
Netto bokførte forpliktingar inkl. arbeidsgivaravgift	24 524	16 862
Av dette balanseført netto pensjonsforplikting inkl. aga.	-2 585	-1 674
Av dette balanseført netto pensjonsmidlar inkl. aga.	27 110	18 536

Spesifikasjon av pensjonskostnad:

Noverdi av opptente pensjonsrettar i året	12 305	12 392
Rentekostnad på pensjonsforpliktinga	8 440	8 705
Brutto pensjonskostnad i året	20 745	21 097
Venta forteneeste på pensjonsmidlar	-9 961	-8 619
Administrasjonskostnader	1 331	1 169
Netto pensjonskostnad inkl, administrasjonskostnad	12 116	13 647
Aga netto pensjonskostnad inkl .adm.kostnad	1 708	1 924
Resultatført aktuarielt tap(vinst)	4 475	5 627
Resultatført planendring	0	67
Res.ført del av nettoforplikting v/avk	24	34
Netto pensjonskostn. inkl. arbeidsgivaravgift	18 323	21 299
Andre pensjonskostnader*	8	7
Sum pensjonskostnader	18 331	21 305

Økonomiske føresetnader:

Diskonteringsrente	2,40%	2,60%
Venta forteneeste på pensjonsmidlar	4,10%	3,60%
Årleg vekst i lønn	2,50%	2,50%
Årleg pensjonsregulering	1,50%	1,48%
Årleg vekst i grunnbeløp til folketrygda	2,25%	2,25%
Talet på yrkesaktive personar med i ordninga	249	236
Talet på oppsette personar med i ordninga	286	256
Talet på pensjonistar med i ordninga	152	139

Spesifikasjon av premiefond

Saldo l.l.	533	425
Tilført premiefond	260	108
Uttak fra premiefond	-310	0
Saldo per 31.12.	483	533

*Gjeld premie betalt for pensjonsforsikring som ikkje er aktuarrekna, servicepensjonar og andre kostnader som vedkjem pensjon og sikringsordning.

Føretaket har ytingsbasert tenestepensjonsordning i KLP og POA. Denne pensjonsordninga tilfredsstiller krava i lov om offentlig tenestepensjon.

Ytingsbasert pensjonsordning

Føretaket har ei offentlig kollektiv pensjonsordning (sikra pensjonar) for sine medarbeidarar, som gir ei bestemt framtidig pensjonsytning bygd på oppteningsår og lønnsnivået ved pensjonsalder. Pensjonsordninga dekkjer AFP, alderspensjon, uførepensjon, ektefellepensjon og barnepensjon. Alderspensionen er samordna med ytingar frå folketrygda.

Oppteningstid for full alderspensjon er 30 år. Saman med folketrygda gir full opptening ein alderspensjon på omkring 66 % av sluttlønn. Alderspensionen blir etter det levealdersjustert tilsvarende alderspensjon frå folketrygda. Det blir ikkje opptent pensjon for lønn over 12 G (grunnbeløp i folketrygda), det vil seie at det er eit tak på 12 G. Alle vedtekne endringar i den offentlige tenestepensjonsordninga er innarbeida i berekningane.

Pensjonskostnaden for 2017 er bygd på føresetnader i rettleiing om pensjonsforpliktingar utarbeida av Norsk regnskapsstiftelse per 31.12.2017. Det er utarbeida eit beste estimat for pensjonsforpliktinga per 31.12.2017 der dei økonomiske føresetnadane som er gitt per 31.12.2017 er lagt til grunn. For avkastning i KLP/SPK for 2017 er det også vist eit beste estimat for pensjonsmidlane pr. 31.12.2017.

1. desember 2015 blei det vedteke ein forskriftsendring av reglane for berekning av den årlige ytinga for uføre i perioden mellom særaldersgrense og pensjonsalder med verknad for 2015. Endringa ga auka utbetalingar for arbeidsgivar hovudsakleg for perioden mellom 65 og 67 år for dei som har særaldersgrense på 65 år. Av omsyn til samanstillingsprinsippet blei effekten av planendringa i helseregionane sine rekneskap, flytta til 2016. Endra forplikting som følge av denne endringa blei innarbeida i berekna pensjonsforplikting per 31.12.2015 og lagt i posten ikkje resultatførte estimatavvik. I 2016 er denne verknaden ført i resultatet.

Føresetnader for dødelegheit

KLP har valt tabell for dødelegheit, K2013BE. Vidare er KLP sin uføretabell nytta.

Demografiske føresetnader:

Nytta tabell over dødelegheit	K2013BE	K2013BE
Uttak AFP frå 62 år etter erfaring:	15-45%	15-45%

Frivillig avgang for fellesordninga er det i aktuar berekninga lagt til grunn 5% fram til og med fylde 60år.

Avtalefesta pensjon (AFP)

Føretaket har i tillegg til tenestepensjonar ein avtalefesta ordning for førtidspensjonar (AFP) etter reglane for offentlig sektor. Ordninga er 100% eigenfinansiert av føretaka, men blir administrert av KLP og POA. Ettersom ordninga er tett integrert med ordinær tenestepensjon, er forpliktinga rekna inn i den totale pensjonsforpliktinga.

Note 17 Anna langsiktig gjeld

Heile 1000 kroner

	2017	2016
Gjeld til føretak i same føretaksgruppe	3 163	3 514
Sum anna langsiktig gjeld	3 163	3 514
Av dette langsiktig gjeld som forfell seinare enn 5 år	1 406	1 757

Note 18 Anna kortsiktig gjeld

Heile 1000 kroner

	2017	2016
Leverandørgjeld	203 792	92 833
Kortsiktig gjeld til føretak i same konsern	5 773	3 988
Skyldige feriepengar	12 836	12 433
Skyldig lønn	1 169	1 120
Anna kortsiktig gjeld	4 860	9 359
Sum kortsiktig gjeld	228 429	119 733

Note 19 Forsking og utvikling

Heile 1000 kroner

	2017	2016
Øyremerka tilskot frå eigar til forskning	2 983	1 265
Sum inntekter til forskning	2 983	1 265
Sum inntekter til forskning og utvikling	2 983	1 265
Kostnader til forskning - anna	2 983	1 265
Sum kostnader til forskning	2 983	1 265
Sum kostnader til forskning og utvikling	2 983	1 265

Talet på årsverk nytta til forskning	3	2
--------------------------------------	---	---

Sjukehusapoteka Vest HF har aktivitet innan forskning gjennom forankringsavtaler for tre doktorgradsstipendiat ved Universitetet i Bergen løna frå Sjukehusapoteka Vest HF og finansiert av Helse Vest. I tillegg er det inngått forankringsavtale for to forskarar (professor) ved Universitetet i Bergen som har tilskot av driftsmidlar. Dette er også finansiert av Helse Vest. Føretaket har og løna ein doktorgradsstipendiat tilknytt Nasjonal kompetansetjeneste for antibiotikabruk i spesialisthelsetjenesten, Helse Bergen, i perioden oktober-desember (0,25 år) etter særskilt avtale.

Ut over dette deltar Sjukehusapoteka Vest HF i utviklingsarbeid innan ulike prosjekt i regi av Helse Vest RHF. Utviklingsarbeidet inngår i dei ordinære stillingane i Sjukehusapoteka Vest HF. FOU kostnader er direkte kostnadsført.

Note 20 Nærstående partar

Nærstående til Sjukehusapoteka Vest HF er definert i rekneskapsloven § 7-30b og rekneskapsforskrifta § 7-30b-1. Vesentlege transaksjoner med nærstående parter kjem fram i denne og andre noter i årsrekneskapen.

Ytingar til leiande tilsette er omtalt i note 6, og mellomverande med konsernselskap i Helse Vest er omtala i note 21. Sjukehusapoteka Vest HF mottar det vesentlegaste av sine inntekter frå sal av legemiddel og farmasøytiske tenester til systerføretak i Helse Vest konsernet. I tillegg leverer Sjukehusapoteka Vest HF legemidlar og andre apotekvarer til alle brukar av sjukehusa gjennom publikumsekspedisjon i kvart sjukehus.

Det blei kjøpt varer og tenester frå dei andre føretaka i Helse Vest for 757 millionar kr i 2017.

Det blei selt varer og tenester til dei andre føretaka i Helse Vest for 38 millionar kr i 2017

Medikament utgjør en stor del av Sjukehusapoteka Vest HF sine kostnader. Innan forskning og utvikling er det samarbeid mellom universitet, legemiddelindustrien og sjukehusa. Det regionale helseføretaket har inngått gjensidig forpliktande avtale med Legemiddelindustrien omkring etikk knytt til avtaler på dette området. Avtala er bindande for helseføretaka.

Sjukehusapoteka Vest HF har gjennomført en kartlegging og dokumentasjon av styremedlemmer og leiande tilsette sine verv som kan tenkast å komme i konflikt med relasjonar føretaka har til andre aktørar. Helseregionen er blant anna underlagt lov om offentlige kjøp. I Sjukehusapoteka Vest HF er det etablert rutinar som skal bidra til å sikre at tilsette som er ansvarlig for, eller har

påverknad på inngåing av vesentlege innkjøps- og/eller salsavtalar ikkje sit med verv eller har andre relasjonar til leverandørar eller kundar mv som kan tenkast å komme i konflikt med deira rolle i føretaka.

Note 21 Krav og gjeld mellom føretaka i Helse Vest

Heile 1000 kroner

Føretak	Kortsiktige fordringar	Langsiktige fordringar	Kortsiktig gjeld	Langsiktig gjeld
Helse Vest RHF	170 980	0	590	3 163
Sjukehusapoteka Vest HF	0	0	0	0
Helse Bergen HF	34 377	0	1 764	0
Helse Stavanger HF	46 490	0	501	0
Helse Fonna HF	17 422	0	395	0
Helse Førde HF	6 346	0	96	0
Helse Vest IKT AS	0	0	2 425	0
Helse Vest Innkjøp HF	0	0	0	0
	275 614	0	5 773	3 163

Note 22 Nøytral meirverdiavgift – ny finansieringsordning for helseføretaka

Heile 1000 kroner

Gjennom Stortingets behandling av Prop. 1 S (2016-2017) for Helse- og omsorgsdepartementet er det frå 1.januar 2017 innført ei ordning med nøytral meirverdiavgift for helseføretaka. Innføringa inneber at helseføretaka får kompensert meirverdiavgift på ei rekkje varer og tenester som inngår inn i drifta av verksemda. Ordninga skal vere budsjettneøytral for staten i innføringsåret. Dette inneber at basisløyvinga til dei regionale helseføretaka er redusert tilsvarende det som er forventa å bli refusjonsomfanget for helseregionane sett under eitt. Inntektsreduksjonen er delt mellom helseregionane i tråd med ordinær inntektsfordelingsmodell. For Sjukehusapoteka Vest HF er det bare den ikkje avgiftspliktige delen av verksemda som er omfatta av ordninga. Sjukehusapoteka Vest HF har for 2017 mottatt 961 tusen kroner i meirverdiavgiftskompensasjon, sjå tabell nedanfor.

	Faktisk kostnad 2017	Kompensert meirverdiavgift
Kjøp av helsetenester		
Varekostnad		
Lønn og annan personalkostnad		18
Ordinær avskrivning		
Nedskrivning		
Annan driftskostnad		943
	0	961